

LOKALE LÆREPLANAR



Stord kulturskule



August 2018

Innhald

Innleiing.....	2
Dans.....	3
Musikk.....	5
Parkour.....	7
Teater.....	9
Visuelle kunstfag.....	11
Plan for musikkterapi.....	13



Innleiing

Med utgangspunkt i «Rammeplan for kulturskulen – mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskoleråd 2016) er det utvikla lokale læreplanar for Stord kulturskule i fagområda: dans, musikk, parkour, teater og visuell kunst.

I tillegg er det utvikla ein plan for musikkterapi.

Opplæringa er organisert i tre programområder; breidde-, kjerne- og fordjupingsprogram. Programma har ulik profil, men alle skal ivareta trongen for tilpassa undervisning og er gradert i høve undervisningsmengde og krav om eigeninnsats. I Stord kulturskule fokuserer ein på interaksjon og samhandling i prosess.

Breiddeprogrammet

Breiddeprogrammet rettar seg i størst grad til dei yngre elevane. Undervisninga skal vere prega av gode prosessar der aktiviteten i undervisningstimen er det viktigaste. Skulen legg opp til at elevar på breiddeprogrammet er mindre aktive i høve konsertar/framsyningar og liknande, det vert heller ikkje stilt krav om eigeninnsats heime. Kulturskulen har samarbeid med SFO og noko av breiddetilbodet kan bli gitt der. Alle tilbod i breiddeprogrammet vert gitt som gruppeundervisning.

Stord kulturskule har fylgjande tilbod i breiddeprogrammet:

- Musikkleik 0-2 år
- Teater 7-8 år
- Dans 3-5 år
- Parkour 8-9 år

Kjerneprogrammet

Kjerneprogrammet er for elevar som ønskjer å arbeide med kunstfaga over tid og er basert på progresjon, systematisk øving/trening og eleven si utvikling. Dei individuelle føresetnadene til eleven/elevgruppa vil bestemme progresjonen. Læraren skal ta omsyn til den heilskaplege læringssituasjonen til eleven/elevgruppa og lære eleven relevant fagstoff samt evna til å tileigne seg dette.

Stord kulturskule har fylgjande tilbod i kjerneprogrammet:

- instrumental - og vokaltilbod (strykeinstrument, messingblåseinstrument, treblåseinstrument, tangentinstrument, vokal, gitarinstrument, band og lap-top)
- dans (barneballett, klassisk ballett, tåspiss, jazz og moderne)
- teater
- visuell kunst
- parkour

I tillegg er det tilbod om kor og orkester, samt samarbeid med kommunen sine fire skulekorps.

Fordjupingsprogrammet

Fordjupingsprogrammet er for elevar med særskilde føresetnader og interesse for den kunstnarlege aktiviteten. Det blir stilt krav til sterk og målretta eigeninnsats. Elevane blir tatt inn etter søknad og anbefaling frå lærar. Det er læraren som rår eleven til å søkje når tida er inne. Opptak til programmet blir bestemt av nivået til eleven, ikkje alder.

Stord kulturskule har tilbod om fordjupingsprogram i dans, musikk og parkour.

I Stord kulturskule

- er all opplæring i dans, teater, parkour og visulle kunstfag organisert som gruppeundervisning. Opplæringa i musikk er organisert som individuell- eller smågruppeundervisning.
- legg me vekt på å ha fleksible timeplanar slik at mogelegheitene for samspel/samarbeid og arbeid i prosjekt vert ivareteke.
- arbeider me for at opplæringa skal:
 - utvikle eleven sine kunstnarlege og skapande evne/kompetanse
 - ivareta tradisjonar
 - vere nyskapande
 - hjelpe elevane til å arbeide sjølvstendig
 - hjelpe elevane til å nytte rette teknikkar, slik ein unngår skadar og liknande.
 - la elevane bli medvitne om verdiar og ansvar
 - legge til rette for vurdering for læring
- skal lærarane ha høge faglege, pedagogiske, didaktiske og menneskelege kvalifikasjonar
- skal lærarkollegiet samarbeide om utvikling og innhald av dei ulike faga og legge til rette for utveksling/deling av erfaringar og idear
- er tett og godt samarbeid med heimen er ein føresetnad. I tillegg til jamleg kontakt i vekene vert det skipa til felles informasjonsmøte tidleg haust, og ein til to utviklingssamtalar i løp av året (utviklingssamtalene er lagt til felles veke for heile skulen.)
- skal me så langt det let seg gjere, legge til rette for at aktivitetane høver for alle og det vert lagt vekt på prosess og meistring.
- skal me samarbeide med skulekorps og andre lag/organisasjonar som elevane er ein del av, dette for å styrkje elevane si opplæring og for å vere ein ressurs for kulturlivet i kommunen.

Dans

Danseopplæringa i Stord kulturskule skal vere ein heilskapleg opplæringsarena, der fokus på danseglede, god meistringskultur og samarbeid står sentralt. Undervisninga legg vekt på å vere grunnleggande og langsiktig.

Gjennom opplæringa i dans vil ein arbeide for at elevane skal:


- meistre basisferdigheiter knyta til eigen kropp, nivå, sjanger og til dansefagets eigenart
- oppleve glede ved å meistre, skape og utøve samt bruke dans som kommunikasjons- og uttrykksmiddel
- få evner og moglegheiter til å uttrykke seg på sitt nivå.
- utvikle evne til samarbeid og disiplin
- få høve til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i dans

Faghjul

Den ytre sirkelen syner «læringsoppdraget» med fem overordna tema.

Den nest ytre sirkelen syner ei «verktøykasse» med aktivitetar ein kan ta i bruk i undervisninga.

Den nest innarste sirkelen syner allmenndannande kvalitetar ein ynskjer oppnå gjennom systematisk undervisning.



Mål i undervisninga:

Breiddeprogrammet

Undervisninga skal vere prega av leik, utforsking og eksperimentering. Elevane skal oppleve mangfaldet og gleda ved å danse. Vidare skal elevane øve seg romforståing, samarbeid og å skape små uttrykk.

Kjerneprogrammet

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle elevane sine utøvande og skapande evner, samt kroppskontroll, samarbeid, kunstnarleg kvalitet og sjølvstende.

I arbeidet i gruppa skal ein og kunne legge til rette for individuelt arbeid der det er naturleg, dette for å ivarta ulike grader av motivasjon og ambisjonar.

Mål i undervisninga er at eleven:

- tileignar seg kunnskap om fagspesifikke ferdigheiter relaterte til eigen kropp og på ulike nivå
- får kjennskap til ulike danseuttrykk
- får utøve ulike uttrykk relaterte til dynamikk, musikk og rom
- innarbeider god teknikk og metodar for å førebyggje skadar
- blir øvd i å reflektere over eiga læring og utvikling
- får kunnskap om normer og verdiar i dansekulturen
- skal møte førebudd, positiv og motivert til undervisninga og viser god treningskultur både i undervisninga og heime
- kan improvisere med utgangspunkt i sitt tekniske nivå
- vert kjent med relevant danseanatomi
- tek del i framsyningar der det er naturleg
- vert kjent med faguttrykk og dansehistorie

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på kjerneprogrammet, men er vesentleg styrka med omsyn til innhald og omfang. For å få innpass i fordjupingsprogrammet må ein og ta del i delar av kjerneprogrammet. Det er ein føresetnad med stor eigeninnsats og deltaking i konsertar/framsyningar m.m.

Mål i undervisninga er at eleven:

- kan integrere fagspesifikke ferdigheiter på høg nivå og bruker dette i dansen
- får innsikt i eiga danseteknisk og kunstnarisk utvikling
- kan utøve dans med personleg uttrykk og nærvær i ulike typar produksjonar
- får kjennskap til kunstnariske prosessar, koreografiske prinsipp og verkemiddel.
- får utforska og utvikla eigne komposisjonar og koreografiar
- får kunnskap om dans som eit kunstnarisk, sosialt, historisk og kulturelt uttrykk
- får brei innføring i treningslære og ernæring, og kan planlegge og strukturere sin eigen treningskvardag
- tar aktivt del i refleksjon, respons og vurdering
- får utvikle kritisk tenking, disiplin og samarbeid
- blir eit godt forbilde for andre elevar

Musikk

Musikkopplæringa i Stord kulturskule skal vere ein heilskapleg opplæringsarena og undervisninga legg vekt på å vere grunnleggande og langsiktig.

Gjennom opplæringa i musikk vil ein arbeide for at elevane skal:


- oppnå gode ferdigheiter på instrument/song, tilpassa sitt nivå
- oppleve glede ved å meistre og ei positiv sjølvutvikling
- delta i samspelsaktivitetar på tvers av instrument, fag og alder
- bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- få høve til fordjuping, som kan inspirere og legge grunnlag for ev. høgare utdanning i musikk

Faghjul

Den ytre sirkelen syner «læringsoppdraget» med fem overordna tema.

Den nest ytre sirkelen syner ei «verktøykasse» med aktivitetar ein kan ta i bruk i undervisninga.

Den nest innarste sirkelen syner allmenndannande kvalitetar ein ynskjer oppnå gjennom systematisk undervisning.



Mål i undervisninga:

Breiddeprogrammet

Undervisninga skal vere prega av leik, utforsking, eksperimentering og refleksjon. Elevane skal bli kjent med grunnleggjande musikkfaglege omgrep som t.d. puls, rytme og dynamikk, samt bli introdusert til ulike instrument og musikksgangrar.

Kjerneprogrammet

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarleg kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte elev og går føre seg individuelt, i små grupper eller i ulike ensemble. Dei individuelle føresetnadene til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald i undervisninga.

Mål i undervisninga er at eleven:

- kan imitere, spele/synge melodiar og rytmemønster på gehør
- kan finne grunnpulsen i musikken
- lærer å lese noter og/eller anna form for notasjon
- kan spele/synge utan noter
- innarbeider god teknikk og metodar for å førebyggje belastningsskader
- vert kjent med ulike oppvarmings- og avspenningsteknikkar
- øver jamt og samarbeider med læraren og foreldre/føresette om gode øvingsrutinar
- arbeider sjølvstendig
- tek del i konsertar/framsyningar der det er naturleg
- tileignar seg instrument-/vokalkunnskap, t.d. stemming av instrumentet og intonasjon
- vert kjent med ulik harmonikk, rytme og dynamikk
- kan komponere kortare melodiar aleine eller i samarbeid med andre
- lyttar til og blir kjent med eiga musisering
- vert kjent med og lyttar til ulike typar/sjangrar musikk
- kan improvisere med utgangspunkt i sitt tekniske nivå

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på kjerneprogrammet, men er vesentleg styrka med omsyn til innhald og omfang. Elevar ved fordjupingsprogrammet får utvida tid i den individuelle undervisninga, samt deltek i obligatorisk fellesundervisning. Det er ein føresetnad med stor eigeninnsats og deltaking i konsertar/framsyningar m.m.

Mål i undervisninga er at eleven:

- får instrumentaltekniske ferdigheiter på høgt nivå
- kan innstudere og framføre musikk med integritet og personleg uttrykk
- arbeider med å utvikla godt gehør
- får teorikunnskapar til det utøvande arbeidet
- får omfattande konserttrening
- får kjennskap til relevante komposisjonsprinsipp
- vert kjent med ulike oppvarmings-, avspennings- og konsentrasjonsteknikkar
- får etablert gode rutinar for øving og innstudering
- kan reflektere over eiga utvikling på sitt fagområde
- kan vurdere eigen prestasjon
- blir eit godt forbilde for andre elevar
- får eit variert repertoar for instrumentet sitt
- får moglegheit til å skape og prøve ut nytt materiale(t.d. arrangere, komponere, improvisere)

Parkour

Parkour kan for mange sjå ut til å vere ein idrett, men i Stord kulturskule vert parkour definert som ei kunstform. Parkour har eit strekt fokus på estetiske rørsler og det vert aldri konkurrert i faget. Parkour er hovudsakleg ein utandørs og gatebasert aktivitet, men kulturskulen har lagt til rette for at treninga føregår innandørs.

Gjennom opplæringa i Parkour vil ein arbeide for at elevane skal:


- utvikle seg fysisk og mentalt gjennom rørslebaserte utfordringar
- utføre grunnrørslene på ein trygg og bærekraftig måte
- bygga opp eit rørslespråk som elevane kan bruke, samt tilpasse dette til forskjellige miljø og situasjonar
- utvikle evne til samarbeid og disiplin

Faghjul

Den ytre sirkelen syner «læringsoppdraget» med tre overordna tema.

Den nest ytre sirkelen syner ei «verktøykasse» med aktivitetar ein kan ta i bruk i undervisninga.

Den nest innarste sirkelen syner allmenndannande kvalitetar ein ynskjer oppnå gjennom systematisk undervisning.



Mål i undervisninga:

Breiddeprogrammet

Undervisninga skal vere prega av leik, utforsking og eksperimentering. Elevane skal oppleve mangfaldet og gleda ved rørsleaktiviteten.

Kjerneprogrammet

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle elevane sin motorikk og kroppsferdigheter. Elevane skal blir introdusert til risikovurdering.

Mål i undervisninga er at eleven:

- tileignar seg kunnskap om fagspesifikke ferdigheiter relaterte til eigen kropp og på ulike nivå
- innarbeider god teknikk og metodar for å førebyggje skadar
- kan reflektere over eiga læring og utvikling
- får kunnskap om normer og verdier i parkour
- skal møte førebudd, positiv og motivert til undervisninga og viser god treningskultur både i undervisninga og heime
- vert kjent med relevant anatomi
- vert kjent med relevante faguttrykk

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på kjerneprogrammet, men er vesentleg styrka med omsyn til innhald og omfang. For å få innpass i fordjupingsprogrammet må ein og ta del i delar av kjerneprogrammet. Det er ein føresetnad med stor eigeninnsats.

Mål i undervisninga er at eleven:

- kan integrere fagspesifikke ferdigheiter på høgt nivå og bruke dette i rørslene
- får brei innføring i treningslære og ernæring, samt kan planlegge og strukturere sin eigen treningskvardag
- tek i bruk systemer for risikovurdering og nyttar det i kvardagspraksis.
- får utvikle kritisk tenking, disiplin og samarbeid
- har forståing for rørslene si breidde og utviklar sin eigen 'style'
- får forståing for eigne svakheter og arbeide systematisk for å betre dette forståelse av eget svakheter og jobber bevist mot de
- bli eit godt forbilde for andre elevar

Teater

Teateropplæringa i Stord kulturskule skal vere ein heilskapleg opplæringsarena, med vekt på langsiktig, teknisk og uttrykksmessig trening. Undervisninga legg stor vekt på samarbeid og meistringskultur.

Gjennom opplæringa i teater vil ein arbeide for at elevane skal:


- utvikle uttrykksevne, formsans og ferdigheiter i å agere
- kunne ta i bruk teater som kommunikasjonsmiddel
- oppleve meistringsglede og positiv eigenutvikling
- utvikle evne til kritisk tenking, empati og lagspel
- utvikle evne til å utforske fortid, nåtid og framtid
- få kjennskap til andre skular/institusjonar som kan danne grunnlag for høgare utdanning i teater

Faghjul

Den ytre sirkelen syner «læringsoppdraget» med fem overordna tema.

Den nest ytre sirkelen syner ei «verktøykasse» med aktivitetar ein kan ta i bruk i undervisninga.

Den nest innarste sirkelen syner allmenndannande kvalitetar ein ynskjer oppnå gjennom systematisk undervisning.



Mål i undervisninga:

Breiddeprogrammet

Undervisninga skal vere prega av lek, utforsking og eksperimentering. Elevane skal oppleve tryggleik i gruppa og samhandling. Vidare vert det lagt vekt på å stimulere elevane sin konsentrasjon og fantasi.

Kjerneprogrammet

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle elevane sine utøvande og skapande evner, kroppskontroll, samarbeid, kunstnarleg kvalitet og sjølvstende. Gruppa sine føresetnadar vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald i undervisninga. I arbeidet i gruppa skal ein og kunne legge til rette for individuelt arbeid der det er naturleg, dette for å ivarta ulike grader av motivasjon og ambisjonar.

Mål i undervisninga er at eleven:

- kan utøve dramaleik og improvisasjon i samspel med andre
- kan samarbeide og ta aktivt del i eit sosialt fellesskap i timane
- kan presentere enkle roller og sceniske situasjonar i ulike samanhengar og tek del i framsyningar der det er naturleg
- kan bruke kropp og stemme som verktøy for å uttrykkje seg
- innarbeider teknikkar for å lese og forstå manus
- får kjennskap til ulike oppvarmingsøvingar og leikar
- kan grunnleggjande prinsipp for samspel (akseptere og lytte)
- kan gje og ta i mot tilbakemelding i det praktisk arbeid
- vert kjent med sentrale dramafaglege omgrep
- får øve seg i å improvisere fram roller, situasjonar, handlingsforløp og stemningar
- arbeider med forståing av tekst/ forteljing, gjenstand, bilde, tema og musikk/lyd
- skal utvikla god disiplin og øvingskultur
- vert kjent med og får oppleve ulike typar taaterproduksjonar
- vert medviten om kvalitet på rørsler (rask/sakte, stor/liten, tett/spreidd, stor/liten muskeltotstand o.s.b.)

Visuell kunst

Opplæringa i visuell kunst i Stord kulturskule skal vere ein heilskapleg opplæringsarena, der møte med kunstnarlege verkemiddel som materiale, reiskap og teknikkar står sentralt. Undervisinga legg vekt på å vere variert, langsiktig og grunnleggande og skal utvikle elevane sin fantasi og kreative evner.

Gjennom opplæringa i visuell kunst vil ein arbeide for at elevane skal:


- utvikle si uttrykksevne, formsans og kunstfaglege ferdigheiter
- oppleve skaparglede og meistring
- utvikle evne til kommunikasjon, analyse og refleksjon i eit godt lærings- og arbeidsfellesskap
- utvide det kunstnarlege perspektivet og kulturforståinga si gjennom utforsking av fortid, nåtid og framtid
- bli kjent med ulike typar teknikkar og uttrykksmåtar
- få forståing for komposisjon (t.d. dybde, liner og ballanse)
- få kjennskap til andre skular/institusjonar som kan danne grunnlag for høgare utdanning innan kunstfaga.

Faghjul

Den ytre sirkelen syner «læringsoppdraget» med fem overordna tema.

Den nest ytre sirkelen syner ei «verktøykasse» med aktivitetar ein kan ta i bruk i undervisinga.

Den nest innarste sirkelen syner allmenndannande kvalitetar ein ynskjer oppnå gjennom systematisk undervising.



Mål i undervisninga:

Kjerneprogrammet

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarleg kvalitet, sjølvstende og skaparglede. Elevane skal bli kjent med ulike teknikkar og materiale, samt bli presentert for både samtidskunst og kunst frå tidlegare tider.

Mål i undervisninga er at eleven:

- får grunnleggjande materialkunnskap
- innarbeider fagspesifikke basisferdigheiter i ulike teknikkar, former og uttrykk
- opplever skaparglede og fagleg utvikling
- får kjennskap til ulike typar kunst og kunsthandverk, gjerne med lokalt tilsnitt
- tek del i visningsarenar (utstillingar og anna) der det er naturleg
- tek del i skapande prosessar frå idé til produkt
- får gode arbeidsvanar, både aleine og i lag med andre, og forståing for langsame prosessar og tolmod
- arbeider sjølvstendig
- får utvikla nysgjerrigheit og eit merksamt blick
- får utvikle sin visuelle uttrykksevne, fantasi, formsans og fargeforståing
- får kjennskap til visuelle verkemiddel og uttrykksformer
- kan reflektere over eiga læring og utvikling
-



Musikkterapi

Stord kulturskule har eit variert og godt tilbod innan musikkterapi. Arbeidet fordeler seg på ei brei brukargruppe, mellom anna i ulike kommunale einingar (t.d. skular og barnehagar), fylkeskommunale institusjonar og private. Musikkterapeutane vert i hovudsak seld ut til ulike prosjekt og oppdrag, der oppsøkjande teneste er naturleg. Musikkterapeutane har tilgang til eit breitt instrumentarsenal samt fullt studio-oppsett i kulturskulen.

Gjennom musikkterapi ynskjer ein skape utvikling og endring gjennom eit musisk og mellommenneskeleg samarbeid/dialog mellom terapeut og klient. Prosessen er ofte ressursorientert og fokuserer på aktuelle mål innan helse og omsorg enten det er førebygging, behandling eller rehabilitering. Musikk kan til dømes skape nye moglegheiter for kommunikasjon og personleg uttrykk og for å arbeide med sosiale problemstillingar. Som fagfelt kan musikkterapien forståast som studiet av samanhengar mellom musikk og helse.

Musikkterapeutar arbeider innan ulike fagfelt, blant anna i kulturskolen, psykisk helsevern, sjukehus, poliklinikkar, barnehagar, skuler, barnevern, eldresentre, sjukeheim, hospiceprogrammer, fengsel og privat praksis.

Kven har nytte av musikkterapi?

Barn, ungdom, vaksne og eldre med psykiske vanskar. Menneske med utviklingsmessige utfordringar og lærevanskar, menneske med aldersrelaterte vanskar som demens, Parkinson og hjerneslag. Personer med rusproblem, hjerneskaradar, fysiske funksjonshemmingar og andre fysiske og psykiske lidningar kan ha nytte av musikkterapi.

Arbeidsmåtar for musikkterapeuten

Musikkterapeuten nyttar musikk-aktiviteter for å tilretteleggja terapien slik at kvar enkelt klient/elev/pasient får moglegheit til å utvikle sine ressursar på ein best mogleg måte.

Musikkterapeuten gjør i sitt arbeid bruk av musikk gjennom improvisasjon, låtskriving, tekstar, lytting, musikk og bilete, utøvande musikk og læring gjennom musikk. Musikkterapeuten arbeider ofte med utanom-musikalske mål gjennom musikk. Til dømes fordrar musikalsk samspill basale sosiale ferdigheter som evna til å vente på tur eller imitere. Det kan til dømes arbeidast med utanom-musikalske mål knyta til fysiologiske, kognitive og psykologiske ferdigheter gjennom musikk og /eller samtale. Musikkterapien blir tilrettelagt med mål om å vedlikehalde, gjenetablere eller forbetre funksjonsnivået til personen som går i musikkterapi.

Foto side 1; Kari Mendeleev Von Svanberg

Foto side 2: Anne Lene Østvold Jordåen

Foto side 14: Torill Berger

Stord Kulturskule 53496798 kulturskulen@stord.kommune.no